



Notat

Til:
Tove Hovland

Frå:
Stein Loftesnes
Leiar i Brukarutvalet i Helse Førde

Dato: 23.05.2007
Referanse: 2006/710

Høyringsuttale frå Brukarutvalet i Helse Førde - Helse 2020

Brukarutvalet i Helse Førde hadde denne saka til handsaming i møte 16.05.2007.

Innleiing:

Brukarutvalet syner til utsendt høyringsdokument, og seier seg tilfreds med at det vert lagt ned eit godt arbeid for å planleggje helsetenestene på Vestlandet i eit langt perspektiv. Brukarutvalet stiller seg likevel spørjande til om det er mogleg å planleggje helsetenestene i eit så langt perspektiv, som frå no og heilt fram til år 2020. Erfaringane frå Helse Førde, med kortsiktige perspektiv, handlingsorientering og konstant fokus på økonomi, kan tyde på at den reelle planlegginga i praksis har eit svært kort perspektiv. Difor er det viktig at helseføretaket uansett vert sikra føreseielege og robuste rammevilkår framover.

Til høyringsdokumentet:

Brukarutvalet syner til visjon og mål og gjer si tilslutning til at desse skal vere overordna og førande for det vidare arbeidet med Helse 2020. Det er viktig at desse formuleringane ikkje endar opp som festtalestoff. Formuleringane må bli realisert i praksis, slik at dei kan danne grunnlaget for eit godt innhald for brukarar og pasientar i Sogn og Fjordane.

Generelt er Brukarutvalet kritisk til detaljrikdomen i dokumentet. Dokumentet burde blitt redigert, slik at dei reelle utviklingstrekkja og tiltaka, også for Sogn og Fjordane sin del, hadde kome fram i ein lett forståeleg kortversjon. Ein legg til grunn at dette blir teke omsyn til seinare i prosessen.

Generelt vil Brukarutvalet presisere at konklusjonane av arbeidet Helse 2020 må føre til like gode, eller betre tilbod av helsetenester for innbyggjarane i fylket vårt enn i dag. Prinsippet om likeverdige helsetenester må halde fram like sterkt som i dag. Dette må gjelde uavhengig av bustad den enkelte innbyggjar har i fylket.

I tillegg er det kritisk viktig at Helse Førde vert sikra eit betre økonomisk/finansielt grunnlag for si drift enn i dag. Stadige nedskjeringar og pålegg om innsparing fører til unødig utryggleik for pasientane, og vil forsterke problematikken knytt til større og større grad av gjestepasientar ut av fylket.

Sogn og Fjordane er eit grisgrendt fylke med store avstandar og svakare utbygt kollektivtilbod enn i dei fleste andre fylker. Dette medfører økonomiske meirbelastningar for den prehospitalte (ambulanse/taxi)



tenesta i Helse Førde, samanlikna med andre helseføretak. Difor er det særskilt viktig at dette blir fullt ut økonomisk kompensert frå Staten.

Eit anna særskilt viktig utfordringsområde for Helse Førde er rekruttering av fagfolk. Dette punktet er så viktig at det burde vore framheva endå tydelegare i dokumentet. Mangel på tilstrekkelig tilgang på fagfolk, både med breidde – og spisskompetanse vil på lang sikt føre til utarming av helsetilboda i Sogn og Fjordane.

Brukarutvalet Helse Førde syner i tillegg spesielt til kapittel 5. Helse Førde må bli sikra trygge og nære sjukehusnester med like god kvalitet som elles på Vestlandet og i Noreg. Kvalitetsaspektet må haldast fram som eit hovudmål også vidare i prosessen. Nye metodar og utvikling i teknologi må kome også våre innbyggjarar til del og ikkje i unødig grad bli sentralisert ut av fylket. Lokalsjukehusa må også framover få spele ei fullverdig rolle, med omsyn til nærleik og tilgang på dei helsetenestene som folk flest har behov for. Sentralsjukehuset må behalde, styrke og utvida, den breidda i spesialisttilbod som pr. dags dato er der.

Spesifikke innspel/kommentarar på enkeltformuleringar i dokumentet:

Side 11, tiltak 5,8, andre avsnitt, Prioritering... osv:

Brukarutvalet reagerar negativt på "kost/nytte"-formuleringane. Dette må eventuelt konkretiserast, og formuleringane slik dei står no er totalt uakseptable i eit pasientperspektiv.

Side 12, tiltak 5,9, første avsnitt, I dag har ein stor del av pasientmassen...osv:

Brukarutvalet meiner formuleringane som går på reduksjon av "Ø-hjelp" og "nødvendig helsehjelp" er uakseptable. Desse formuleringane er svært uheldige. Avsnittet burde heller vore bygd opp positivt, slik at helsetenesta vert organisert slik at dei som har behov for ulike typar hjelp, får det når behovet er der.

Stein Loftesnes
Leiar i Brukarutvalet i Helse Førde

Kopi: Adm. Direktør Jon Bolstad
Viseadm. direktør Erlend Eriksen
Fagdirektør Hans-Johan Breidablik
Informasjonssjef Vidar Vie